

Møtebok Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning

Tidspunkt: Tysdag 15. mai 2018 kl. 1830-1930

Stad: Kommunestyresalen, Odda rådhus

Desse møtte: Eivind Tokheim, Steinar Langesæter, John Helge Rasmussen, Synnøva Sæbø, Ørjan Angell, Ragnar Ystanes

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Saker til styremøtet:

FUS 23/18: Meldingar

FUS 24/18: Referat frå møte 19. mars 2018

FUS 25/18: Høyringssak: Deponering av massar i Nibbehøl

FUS 26/18: Klage på avslag på søknad om løyve til å fiske med garn i vatna rundt Skålsbotnen

FUS 27/18: Reguleringar under reinsjakta 2018

FUS 28/18: Fellesfiskekortet – fordeling av inntekter og utgifter

FUS 29/18: Eventuelt

Eivind Tokheim/s/

Steinar Langesæter/s/

Ørjan Angell/s/

Ragnar Ystanes/s/

Synnøva Sæbø/s/

John Helge Rasmussen/s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullensvang herad

Hardanger Folkeblad

FUS 23/18: Meldingar

Saksdokument:

- 2018.04.05-612.3-Fellesstyret-Tilbakemelding på søknad om samjakt 2018
- 2018.04.05-642.0-Fellesstyret-Svar på søknad om løyve til å fiske med garn i vatna rundt Skålsbotnen
- 2018.04.20-011.8-Statskog-Søknad om deponering av massar i Nibbehøl-magasinet
- 2018.04.26-642.0-Ingrid Opedal-Klage på avslag på søknad om garnkort
- 2018.04.30-127. Revisjon Voss as-Revisors beretning Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 2017
- 2018.04.30-123. Fellesstyret-Rekneskap, revisors beretning og årsmelding 2017

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

Referat:

Sekretær gjekk gjennom meldingane.

Vedtak (sak FUS 23/18):

Styret tek meldingane til orientering.

FUS 24/18: Referat frå møte 19. mars 2018

Saksdokument:

- 24-18 Møtebok Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 19. mars 2018

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Ingen merknadar til referatet.

Vedtak (sak FUS 24/18):

Styret godkjenner referatet frå møtet i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 19. mars 2018.

FUS 25/18: Høyrings sak: Deponering av massar i Nibbehøl**Saksdokument:**

- 25-18 Søknad om løyve til å deponere masser i Nibbhøl

Saksutgreiing:

Statkraft har søkt om tillating til å deponere rivningsbetong (ca. 6-10m³) og pigga steinmasse (10-15 m³) i Nibbhøl i samband med oppgradering og vedlikehald av dam Nibbehøl. Arbeidet vil bli utført sommar/haust 2018 og 2019. Dette er ein del av oppgradering og vedlikehald av dammen, som Fellesstyret tidlegare har gitt uttale til. Ved utviding av flaumløp skal eksisterande brytningsvegg på dammen rivast. Armeringsjern skal leverast til godkjent mottak, medan Statkraft søker om løyve til å deponere pigga betong i magasinet, med pigga fjell som dekkmasse. I fylgje søknaden er det teke prøvar av betongen, og verdiane ligg godt under grenseverdiar for forureina masse.

Frå Fjelleva § 12: Iverksetjing av grunndisponeringstiltak - herunder tiltak som gjeld vassdrag - i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Om eit tiltak vil medføre vesentleg skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn. Før Statskog som grunneigar tek avgjerd i saka skal fjellstyret ha hatt høve til å koma med fråsegn. Fellesstyret skal ta stilling til om tiltaka kan medføre vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og om tiltaka kan utførast under omsyn til prinsippa for naturvern. Statskog er fyrst og fremst ute etter informasjon om tiltaket kan medføre vesentleg skade for nokon som har bruksrett.

Tiltaka Fellesstyret skal gi uttale til kjem i tillegg til tiltaka det tidlegare er gitt uttale til. Slik sekretær ser det vil ikkje deponeringa påverke bruksrettane negativt.

Framlegg til vedtak:

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning har ingen merknadar til søknaden frå Statkraft om deponering av massar i Nibbhøl.

Referat:

Det blei diskutert om deponering av massar i Nibbehøl kan ha negative konsekvensar for garnfisket. John Helge Rasmussen kom med framlegg om at Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning gir uttale om at deponeringa bør gjerast i område der det ikkje kan koma i konflikt med garnfiske. Styret slutta seg til dette.

Steinar Langesæter etterspør ei synfaring i dette området, som Statskog for nokre år sidan hadde planar om å gjennomføre. Sekretær opplyste om at denne synfaringa er planlagt til sommaren. Steinar Langesæter kom med framlegg om at Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning oppmodar Statskog om at leiar og nestleiar i Fellesstyret får vera med på denne synfaringa. Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak FUS 25/18):

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning gir fyljande uttale til saka:

Deponering bør gjerast i område der det ikkje kan koma i konflikt med garnfiske.

Samrøystes vedteke.

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning oppmodar Statskog om at leiar og nesteleiar i Fellesstyret får vera med på planlagt synfaring i dette området i sommar.

FUS 26/18: Klage på avslag på søknad om løyve til å fiske med garn i vatna rundt Skålsbotnen

Saksdokument:

- 26-18 Klage på avslag på søknad om løyve til å fiske med garn i vatna rundt Skålsbotnen
- 26-18 FUS 20-18 Søknad om løyve til å fiske med garn i vatna rundt Skålsbotnen

Saksutgreiing:

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning gav i sak FUS 20/18 avslag på søknad om løyve til å fiske med garn i vatna rundt Skålsbotnen. Avslaget blei grunngjeve med at det ikkje er heimel til å gje utanbygdsbuande rettar som er forbeholdt innanbygdsbuande. Vedtaket blei gjort med heimel i fjellova § 28.

Klaga er sendt inn innan fristen for å klage, og oppfyller såleis krava til å bli handsama, jf. forvaltningslova § 29.

Klagar skriv at ho skjønar grunngjevinga i vedtaket, og det prinsipielle i saka, men vonar at Fellesstyret i denne saka kan rekne søkjar som innanbygdsbuande. Dette grunngjev ho med at

dei eig hus på Lofthus, som steinbua i Skålsbotnen er knytt til. Det sterke forholdet dei har til Skålsbotnen er ein viktig grunn til at dei har behalde huset på Lofthus, og brukt mange timar og kroner på å halde steinbua i god stand gjennom mange år. Ho skriv vidare at dei betalar både eigedomsskatt og kommunale avgifter til Ullensvang herad.

I fylgje fjellova § 28 tredje ledd er det dei som siste året har vore og framleis er fast busette i området der allmenningen ligg som fjellstyret kan gje løyve til å drive anna slag fiske (i dette tilfellet fiske med garn). Det er slik sekretær ser det ikkje rom for å tolke ordlyden på annan måte enn at søkjar må vera fast busett for å kunne reknast som innanbygdsbuande. Sjølv om søkjar eig hus på Lofthus er ho ikkje fast busett der, og sekretær kan ikkje sjå at det er nye opplysningar i klaga som tilseier at Fellesstyret skal gjera om på vedtaket.

Jf. fjellova § 10 2. ledd, kan fjellstyrevedtak påklagast til Miljødirektoratet etter reglane i kap. VI i forvaltningslova. Klaga må reknast som ei klage til Miljødirektoratet, og dersom Fellesstyret opprettheld vedtaket i sak FUS 20/18 skal saka sendast til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Framlegg til vedtak:

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning opprettheld vedtaket i sak FUS 20/18, og sender saka til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Referat:

Saka blei kort diskutert. Det var semje i styret om at det ikkje er grunnlag for å gjera om på vedtaket. Styret slutta seg til framlegg til vedtak.

Vedtak (sak FUS 26/18):

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning opprettheld vedtaket i sak FUS 20/18, og sender saka til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Samrøystes vedteke.

FUS 27/18: Reguleringar under reinsjakta 2018

Saksdokument:

- [27-18 Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning](#)
- 27-18 Møtebok FUS 15. mai 2014: Sak F-27/14 (nattefreding) og sak F-23/14 (telting)
- [27-18 Forskrift om telt- og leirslåing innen Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenningar, Hordaland](#)

Saksutgreiing:

Jaktlag

Det er § 10 i Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning som heimlar reglane om jaktlag i statsallmenning. Fjellstyra kan tillata to typar jaktlag:

- jegerar som har fått tildelt fellingsløyve på villrein kan organisera seg i jaktlag på inntil fem personar.
- inntil tre jegerar kan organisera seg i eit jaktlag når minst ein av jegerane har fått fellingsløyve.

Ein person kan berre vera medlem i eit jaktlag.

Tidlegare ordning har vore jaktlag på inntil fem personar, der alle medlemmene må ha kort på statsallmenningen. Sekretær meiner dette er ei ordning som har fungert bra. Fellesstyret bør vurdere å presisere at kort som er tildelt unge fyrstegongsjegerar ikkje kan nyttast på jaktlag. Likeins kan ikkje kort med fellingsløyve på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen nyttast på dette arealet av andre enn den personen som er tildelt kortet.

Nattefreding

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning gjorde i sak f-27/14 vedtak om nattefreding frå klokka 19:00 til 07:00 for åra 2014-2017. Dersom det framleis skal vera nattefreding i reinsjakta må Fellesstyret gjera eit nytt vedtak.

Sekretær meiner det er positivt med nattefreding på statsallmenningen. Det sikrar at reinen får ro, og kan bidra til at flokkar trekkjer forbi område med jegerkonsentrasjonar. Dersom Fellesstyret framleis ynskjer nattefreding kan vedtaket med fordel gjerast inntil vidare, slik at ein ikkje må gjera nytt vedtak før det er behov for endringar.

Telting

Fellesstyret gjorde i sak F-23/14 vedtak om godkjende teltplassar i reinsjakta for åra 2014-2017. Det blei gjort ei endring i sak FUS 9/17, slik at gjeldande teltplassar for villreinjegerar med hjelpemannskap ein dag før og under villreinsjakta i 2017 var fylgjande:

Heimel i forskrift om telt- og leirslåing innen Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenninger, Hordaland § 1:
Hansbu før bekken
Hansbu v/naustet
Litlos
Belebotn
Nybu v/Håvardsvatn
Øvsta Krokavasshallet
Holmavatnet
Hovlandsstølen
Vedteke i sak FUS 9/17:

Ysteinsbu
Raudåna
Belebu
Bjørnavassbu
Kortmark
Persbu
Nordsida av Midtra Grøndalsvatn ved lavvoen til Ullensvang fjellstyre
Torehytta
Tyssevassbu
Langavatnet, ved Odda fjellstyre si hytte

Fellesstyret kan i særskilte tilfelle dispensere frå forskrifta, jf. § 3. Dei siste åra har det blitt opna for fleire teltplassar, jf. tabellen over. Opning for fleire teltplassar gir moglegheit for å få spreidd jegerane meir, men det kan og føra til større jegerkonsentrasjonar nokre stadar.

Jakttid

Villreinutvalet har kome med ei oppfordring om å avslutte jakta 23. september. Dette på grunn av den høge andelen frie dyr i kvota, som tilseier at det vil bli felt ein del simler på fritt dyr-kort i slutten av jakta (på grunn av brunst). Sekretær ser at det kan bli jakta ein del simler mot slutten av jakta, og at dette ikkje er heldig når stamma er så liten som ho er no. Det er heller ikkje heldig at det blir jakta vaksen bukk i siste del av jakta. Fellesstyret kan gjera vedtak om å innskrenke jakttida innanfor jakttidsramma, jf. fjellova § 23 3. ledd. Dersom Fellesstyret ikkje gjer eit slikt vedtak, er det jakttidsramma – 20.8-30.9 – som gjeld.

Det er slik sekretær ser det gode argument for å avslutte jakta 23.9, men det bør helst vera lik praksis på alle vald, og i alle fall på alle statsallmenningane. Sekretær for Fjellstyra på Hardangervidda as har sendt ut ein førespurnad til leiarane i fjellstyra om dei er innstilt på å avslutte jakta 23.9. Det har vore lite tilbakemeldingar på dette. Sekretær er kjend med at innstillinga frå sekretær for Eidfjord fjellstyre er å avslutte jakta 23.9 på Eidfjord statsallmenning. Innstilling for dei andre fjellstyra er ikkje kjend når sakspapira blir sendt ut. Med bakgrunn i at det mest truleg ikkje blir eit vedtak om å avslutte jakta 23.9 i alle statsallmenningane, meiner sekretær jakta kan vare heile jakttidsramma som vanleg (20.8-30.9).

Framlegg til vedtak:

Jegerar som har fått tildelt fellingsløyve på villrein i Ullensvang statsallmenning kan organisere seg i jaktlag på inntil fem personar. Det kan berre dannast jaktlag med kort stempla HA-281 eller HA-282. Alle på jaktlaget må vera tildelt slike fellingsløyve. Ein person kan berre vera medlem i eit jaktlag. Det kan ikkje dannast jaktlag med kort som er tildelt unge fyrstegongsjegerar. Kort som gir fellingsløyve på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen kan nyttast i jaktlag, men jaktlagsmedlemmene kan berre nytta desse korta på Ullensvang statsallmenning (ikkje Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen). Alle medlemmene i jaktlaget skal ha ein kopi av jaktlagsskjemaet med seg under jakta. Denne ordninga gjeld frå og med jakta 2018 og inntil vidare.

Vedtaket er gjort med heimel i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning § 10.

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning innfører nattefreding på Ullensvang statsallmenning under heile villreinjakta frå klokka 19:00 til 07:00. Ordninga gjeld frå og med jakta 2018 og inntil vidare.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 23 3. ledd.

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning opnar for at villreinjegerar, med eventuelle hjelpemannskap, ein dag før og under villreinjakta kan telte eller slå leir på fylgjande stadar:

Ysteinsbu
Raudåna
Belebu
Bjørnavassbu
Kortmark
Persbu
Nordsida av Midtra Grøndalsvatn ved lavvoen til Ullensvang fjellstyre
Torehytta
Tyssevassbu
Langavatnet, ved Odda fjellstyre si hytte

Desse stadane kjem i tillegg til stadane som er nemnt i forskrift om telt- og leirslåing innen Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenninger, Hordaland § 1.

Vedtaket er gjort med heimel i forskrift om telt- og leirslåing innen Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenninger, Hordaland § 3.

Referat:

Styret slutta seg til sekretær si innstilling til vedtak om jaktlag, nattefreding og teltplassar. Styret slutta seg til sekretær si innstilling til vedtak om teltplassar, med eit tillegg om at vedtaket skal gjelda frå og med jakta 2018 og inntil vidare.

Jakttida blei diskutert. Det blei vist til at Eidfjord fjellstyre ikkje har gjort vedtak om jakttid, for å samkøyre med vedtak på Ullensvang statsallmenning. Eivind Tokheim kom med framlegg om å sette jakttida til 20.8 – 23.9. Steinar Langesæter kom med tilleggsframlegg om at Røldal fjellstyre og private vald i Odda og Ullensvang blir oppmoda om å avslutte jakta 23.9. Styret slutta seg dette.

Vedtak (sak FUS 27/18):

Jegerar som har fått tildelt fellingsløyve på villrein i Ullensvang statsallmenning kan organisere seg i jaktlag på inntil fem personar. Det kan berre dannast jaktlag med kort stempla HA-281 eller HA-282. Alle på jaktlaget må vera tildelt slike fellingsløyve. Ein person kan berre vera medlem i eit jaktlag. Det kan ikkje dannast jaktlag med kort som er tildelt unge fyrstegongsjegerar. Kort som gir fellingsløyve på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen kan nyttast i jaktlag, men jaktlagsmedlemmene kan berre nytta desse korta på Ullensvang statsallmenning (ikkje Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen). Alle medlemmene i jaktlaget skal ha ein kopi av jaktlagsskjemaet med seg under jakta. Denne ordninga gjeld frå og med jakta 2018 og inntil vidare.

Vedtaket er gjort med heimel i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning § 10.

Samrøystes vedteke.

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning innfører nattefreding på Ullensvang statsallmenning under heile villreinjakta frå klokka 19:00 til 07:00. Ordninga gjeld frå og med jakta 2018 og inntil vidare.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 23 3. ledd.

Samrøystes vedteke.

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning opnar for at villreinjegerar, med eventuelle hjelpemannskap, ein dag før og under villreinjakta kan telte eller slå leir på fylgjande stadar:

Ysteinsbu
Raudåna
Belebu
Bjørnavassbu
Kortmark
Persbu
Nordsida av Midtra Grøndalsvatn ved lavvoen til Ullensvang fjellstyre
Torehytta
Tyssevassbu
Langavatnet, ved Odda fjellstyre si hytte

Desse stadane kjem i tillegg til stadane som er nemnt i forskrift om telt- og leirslåing innen Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenninger, Hordaland § 1. Vedtaket gjeld frå og med jakta 2018 og inntil vidare.

Vedtaket er gjort med heimel i forskrift om telt- og leirslåing innen Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenninger, Hordaland § 3.

Samrøystes vedteke.

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning set jakttida for 2018 til 20.8 – 23.9.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 23 3. ledd.

Røldal fjellstyre og private vald i Ullensvang og Odda blir oppmoda om å avslutte jakta 23.9.

Samrøystes vedteke.

FUS 28/18: Fellesfiskekortet – fordeling av inntekter og utgifter

Saksdokument:

Saksutgreiing:

På styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda as tok Steinar Langesæter under 25/17 Eventuelt opp organiseringa av fellesfiskekortet for Ullensvang statsallmenning, Røldal statsallmenning, Eidfjord statsallmenning og Ulvik statsallmenning. Det blei vedteke fyljande:

Sekretær får ansvar for å sjå på ordninga med felles fiskekort for fjellstyra i vest. Det sjåast på organisering, fordeling av kostnader og inntekter samt historikken rundt opplegget. Sekretæren i Ullensvang fjellstyre skal bistå i arbeidet.

Teksten under er skrive av Sveinung Olsnes, sekretær for Fjellstyra på Hardangervidda as:

Fellesfiskekort Hardangervidda Vest- Fordeling av inntekter og kostnader

Bakgrunn:

Ullensvang fjellstyre ynskte i sak 25/17 å ta opp spørsmålet omkring organiseringa av fellesfiskekortet på nytt.

Fellesfiskekortet er eit samarbeid mellom Ullensvang, Ulvik, Eidfjord og Røldal Statsallmenningar og har eksistert i ei årrekke.

Det har i lengre tid vorte stilt spørsmål ved fordelinga av inntekter og kostnader der fleire fjellstyre har peika på ei skeivfordeling i favør Eidfjord fjellstyre.

Fordelinga av fellesfiskekortet er i dag slik:

Ulvik 8,4%

Eidfjord 70,4%

Ullensvang 16,6%

Røldal 4,6%

Bakgrunnen for denne fordelinga var i følge Gunnar Elnan i Eidfjord kommune basert på omfanget av selde fiskekort før ordninga kom til.

Situasjonen i dag:

I dag har situasjonen endra seg mykje når det gjeld sal av fiskekort. 99% av alt sal av fiskekort skjer i dag via Inatur.no. Alle fjellstyra har egne sider på Inatur.no der dei tilbyr fiske på sine områder. I tillegg har ein ei felles side der fellesfiskekortet vert seld.

I 2017 vart det omsett fiskekort for om lag 280000 gjennom felleskortordninga. Av dette var ca 100 000 direktesal av kort på berre ein statsallmenning.

Vurdering av saka:

Fordelinga av fellesfiskekorta er i dag tufta på argumentet om at dei som selde mest kort før ordninga og skal ha mest att for felleskortet no. Dersom ein ser på utviklinga av kortsal så bør ikkje dette lenger vere så aktuelt. Det er svært lett for fiskarane å sjå kva for korttyper som ligg ute for sal og det er svært lett å sjå kva område dei har lov å fiske i.

Ein må og legge til grunn at det er ei årsak til at fiskarane vel å kjøpe fellesfiskekort framfor fiskekort direkte på ein allmenning. Det er grunn til å tru at dei som kjøper fellesfiskekort ynskjer å nytte dette på fleire område. Ein kan sjå for seg at dette typisk er fiskarar som går frå Tinnhylen og sørover mot E 134 eller som startar heilt oppe ved Finse for så å ta seg sørover. (eller motsatt veg).

Slik sakshandamar ser det vil det derfor vere på tide å sjå på ei anna fordeling av fellesfiskekortet. Eit parameter som då peikar seg ut som grunnlag for fordeling er vassareal.

Ein har henta inn data på tilgjengeleg vassareal frå NVE ved hydrolog Heidi Bache Stranden. Data som fylgjer:

Statsallmenning	Vassareal km2
Ullensvang	105,48
Eidfjord	94,68

Røldal	39,82
Ulvik	49,57

Dersom ein skulle leggje dette til grunn vil fordelinga av fellesfiskekortet bli slik:

Statsallmenning	Gamal fordeling %	Vassareal km ²	Ny fordeling %
Ullensvang	16,6	105,48	36,4
Eidfjord	70,4	94,68	32,7
Røldal	4,6	39,82	13,8
Ulvik	8,4	49,57	17,1

Som ein kan sjå av tala så er det Eidfjord som vil tape på å gå over til ny ordning. Likevel må ein kunne forvente at dei fiskarane som ynskjer å fiske berre på Eidfjord vel å kjøpe fiskekort direkte på Eidfjord sine sider. Prisen på Fellesfiskekortet har no vorte auka monaleg og dette må ein og forvente vil auke fiskarane sin selektivitet når det kjem til kjøp av kort. Tidlegare kan ein tenke seg at mange kjøpte fellesfiskekort fordi det var lettvindt, men ein må no forvente at dei tenker seg meir om i kva for område dei ynskjer å fiske.

Konklusjon:

Sakshandsamar vil tilrå at ein vel ein ny modell for fordeling av kostnader og inntekter for fellesfiskekortet. Sidan ein må kunne forvente at fiskarane vel å kjøpe fellesfiskekort nettopp for å kunne fiske på fleire område på same tur er det naturleg å leggje ressursen (vassarealet) til grunn for fordelinga.

Framlegg til vedtak:

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning går inn for å legge vassarealet på kvar enkelt statsallmenning til grunn for fordeling av kostnader og inntekter for fellesfiskekortet frå og med 2018.

Referat:

Det var semje i styret om at dagens ordning gir ei lite rettferdig fordeling av overskotet frå fellesfiskekortet. Styret slutta seg til framlegg til vedtak.

Vegen fram mot eit endeleg vedtak som grunnlag for å endre fordelinga blei diskutert. Styret avventar vedtak i dei andre fjellstyra.

Vedtak (sak FUS 28/18):

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning går inn for å legge vassarealet på kvar enkelt statsallmenning til grunn for deling av kostnader og inntekter for fellesfiskekoret frå og med 2018.

Samrøystes vedteke.

FUS 29/18: Eventuelt

Sekretær orienterte om at det er sendt eit brev til prosjektleiar for Ullensvang kommune, Ingjerd Astad, med oppmoding om at fjellstyra får møte gruppa «Næring, samfunn og eigedom» 22. mai, med tanke på å få oppretta ei undergruppe som tek for seg fjellstyrestrukturen etter kommunesamanslåinga.

Eivind Tokheim tok opp Villreinmøtet 7.-8. juni på Geilo. Det var semje om at medlemmer eller varamedlemmer frå Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning som stiller på møtet ikkje kan uttale seg på vegner av Fellesstyret, så lenge tema som skal takast opp ikkje er diskutert i Fellesstyret på førehand.

Sekretær orienterte om at tidlegare eigar av hytta ved Holmavatnet («Øverlandhytta») har rydda ut personlege eigedelar. Nøklane blir sendt til fjellstyrekontoret i Kinsarvik.